

NOU 2013:1 Det livssynsopne samfunn

Svar på høyring frå Åmli fellesråd

GENERELLE KOMMENTARAR

Vi finn det positivt at utvalet omtalar det livssynsopne samfunn, framfor tidlegare tenking om ei livssynsnøytral offentlegheit. Det vert lagt opp til ein aktiv og støttande trus- og livssynsopolitikk ovanfor alle borgarar, samstundes som utvalet understrekar at alle må akseptere å verte eksponert for andre sin trus- og livssynspraksis i det offentlege rom. Vi meiner likevel at dei 8 grunnleggjande prinsippa utvalet legg i botn for utgreiinga opnar for eit mindre rom for religiøse ytringar og praksis enn det til no har vore.

Dei åtte grunnleggjande prinsippa for ein trus- og livssynspraksis (Del 3 pnkt 9)

Vi er på mange vis samde i dei åtte grunnleggjande prinsippa som legg føringa for framtidig trus- og livssynsopolitikk. Likevel ser ein tydeleg at nokre av desse prinsippa, slik utvalet tolkar dei, vil kunne stå i motsetnad til kvarandre. Prinsippa 3,5,6 og 7 talar om "ikkje –diskriminering", "forskjellsbehandling", "likebehandling", "sentrale fellesverdier" og "statlig støtte". I utgreiinga ser ein til dømes at eit "tradisjonelt" syn på ekteskapet blir kalla diskriminering, likeeins eit leiarskap i ein religiøs organisasjon som ikkje opnar for kvinnelege prestar, eller ungdomsorganisasjonar som har ein særleg praksis når det gjeld skilsmål og gjengifte, eller samkjønna ekteskap. Her er det store skilnader innan korleis dei ymse religionane og kyrkjene ser på desse spørsmåla, men tolkinga av prinsippa kan gjere slik at store organisasjonar til dømes i kyrkja ikkje får rettmessig stønad etter det arbeidet dei gjer i samfunnet. At ein ikkje er samd med den rådande politiske trenden i etikk og moral og leiarstrategiar etc., skal ikkje føre til utstøying, økonomiske sanksjonar eller i verste fall diskriminering frå samfunnet si side. Ein kan i verste fall sjå føre seg at berre dei religiøse samfunna blir synlege i det offentlege rom, som er samde i staten si tolking av kva som er rett religionspraksis og forståing. Innan den kristne kyrkja vil til dømes berre dei få plass som prestar og seremonimeistarar i det offentlege rom, som har den rette "åpenhet" og "respekt" andsynes den rådande politiske og offentlege meininga. Eit døme på at dette kan vere noko å frykte, er den fagleg forkastelege historiske framstillinga av historia til den kristne kyrkja i Noreg. Her syner utvalet ei merkeleg tilnærming, utan omsyn til historisk forståing av tida ein skal skildre, og utan å skilje mellom kva som er stat/statsmakt og kva som er kyrkje, kultur og religion. Ein set til dømes ein strek over den enorme institusjonelle, kulturelle og samfunnsbyggjande rolla som kyrkja også har hatt i 1000 år i Noreg. Den sentrale rolla kyrkja har hatt, og framleis har, for tre fjerdedelar av befolkninga som kultur-, omsorgs-, og riteinstitusjon må ikkje fornekast. Totalt høyrer ca. 90% av den norske befolkninga til ulike kristne trdomssamfunn, og korleis kunne det vere mogeleg om ein skulle leggje utvalet si historieskriving til grunn?

Litt meir om det 5. prinsippet:

Når det gjeld prinsipp om likebehandling meiner vi at utvalet går altfor langt i oppfylle dette. På denne måten vil ein ikkje sikre religionens plass i det offentlege rom, men heller stå i fare for at den religiøse dimensjonen vert utestengd frå viktige offentlege hendingar. Dette må heller ikkje stå til hinder for at trussamfunn kan fatte avgjerd i

interne saker, sjølv om verdigrunnlaget i trussamfunnet står i motsetnad til fellesverdiar i samfunnet elles. T.d. kan dette gjelde tilsettingssaker, og i kva oppgåver arbeidstakarar kan verte pålagd å utføre. Utvalet ser ut til å la likebehandlingsprinsippet gå føre argument basert på historiske tilhøve og trusfridom, der desse kjem i konflikt.

Tilknytning mellom stat og religion (Del 3 og 4)

Vi meiner at tru og livssyn er viktig i livet til einskildmenneska, og dermed viktige for samfunnet. Men heller ikkje i eit pluralistisk samfunn treng det vere eit skarpt skilje mellom religion og stat. Ein stat må kunne knytast til majoriteten sitt livssyn, under føresetnad av at ein vernar minoritetane sine rettar. Ein stat må også med frimod kunne løfte fram sine tradisjonar, utan å stenge for andre. Ein kan ha preferanse for vårt eige, og samstundes opne for andre. Også menneskerettsdomstolen i Haag har slege fast at det ikkje strir mot menneskerettane og trusfridomen at staten er knytt til ein bestemt religion.

Dersom ein nasjon skal bestå som eit fellesskap mellom folk, er det viktig å vere medviten den nasjonale tradisjonen og kulturelle grunnmuren, og vidareutvikle denne utan å krenke rettane til dei med ein annan kulturell bakgrunn og ei anna tru.

Grunnlovsending/føremålsparagrafar/gravferdsforvaltninga

Utvalet ser ut til å ville ta omkamp både når det gjeld Grunnlovsendinga frå 2012 (§2, Verdiparagrafen og §16. Lov om trussamfunn), samt føremålsparagrafane for skule og barnehage, og ansvar for gravferdsforvaltninga. Alle desse sakene er nyleg handsama og vedtekne i Stortinget, og det burde vere unødvendig å ta desse prosessane opp att på nytt så snart.

Kyrkja si samfunnsrolle

Det kan synast som utvalet sår tvil om legitimiteten til livssynsbaserte verksemder i utføring av offentlege oppgåver. Dette kan føre til at kyrkja sitt samfunnsoppdrag, knytt til m.a. gravferdsforvaltning, vigselfrett og rolla i høve større, offentlege markeringar fell vekk. Me ser dette som uheldig. Vi vil også vise til korleis den moderne staten har svekka samarbeidet med og vilkåra for livssynsbaserte institusjonar innan omsorg og ulike typar behandling.

Gravferdsforvaltning

Den norske kyrkja sin livssynsmessige forankring er ein ressurs, snarare enn eit problem i møte med det religiøse mangfaldet. Når "tru møter tru", t.d. i samband med gravferdsforvaltning, kan resultatet bli dialog, tillit og respekt, heller enn spenning og konflikt. Dette er døme på korleis ein kan vere livssynsopen i praksis, utan å skulle arbeide utifrå ein såkalla "nøytral" ståstad. Ein slik "nøytral" ståstad eksisterer bare i teorien. Vi trur det kan vere lettare for menneske med eit anna livssyn å halde seg til eit anna trussamfunn enn til ein "nøytral" instans når det gjeld spørsmål knytt til gravferd. I undersøkingar gjort i norske tilhøve uttrykker eit stort fleirtal, på tvers av trussamfunn, dessutan at ein er nøgd med Den norske kyrkja som gravferdsforvaltar. Ein kan også vise til presteteneste ved sjukehus og fengsel, som har vore open og inkluderande for svært mange.

Vigselsrett

Utvalet er delt i synet på framtidig ordning for ekteskapsinngåing og vigselsrett. Vi støttar mindretalet i utvalet, som går inn for at trus- og livssynssamfunn framleis har vigselsrett, slik ordninga er i dag. Dette vil vi grunngje med djupe røter og tradisjonar i det norske samfunnet, og i ei ordning som fungerer godt. Samstundes fins det i eksisterande ordning stor valfridom for einskildmenneska. Vi er likevel redde for argumentasjonen til det same mindretalet, som ser føre seg at dei som får halde fram med å vie for staten, ikkje skal ha reservasjonsrettar andsynes til dømes likekjønna ekteskap.

Kyrkja si rolle ved krise, ulukke og nasjonale tragediar

Ved nasjonale tragediar trekkjer svært mange til kyrkjene, sjølv om dei vanlegvis er det ein kan kalle "kyrkjeframande". 22. juli er eit aktuelt døme på dette, og understrekar viktigheita av å byggje vidare på røtene i det norske samfunnet, der kyrkja har ei sentral rolle som samlingspunkt i krisesituasjonar. Dette gjeld også i kommunale kriseteam, der det i dag sit ein representant frå Den norske kyrkja. Utvalet ynskjer å fjerne denne representasjonen, og at politi eller helsepersonell skal gå med dødsbodskap. Dette er eit døme på korleis utvalet ser bort frå den kompetansen som diakonar, prestar, pastorar og liknande har ved slike høve. Ein kunne også spørje etter kva for undersøkingar utvalet kan vise til som krev at denne yrkesgruppa ikkje skal nyttast. Har dei yrkesforbod av di dei har ein religiøs ståstad?

Ansvar for bevaring av kulturminne

Som Gjønnes-utvalet peika på i NOU 2006:2, er det store behov knytt til vedlikehald av freda og verneverdige kyrkjer. Også Stålsett - utvalet ser behovet for å etablere særskilde finansieringsordningar. Vi meiner det er et samfunnsansvar å ta vare på desse monumentalbygga, som er historie-, kultur- og arkitekturberarar for innbyggjarane i Noreg, uavhengig av tilknytning til Den norske kyrkja. Det er også viktige kyrkjebygg utanfor Den norske kyrkja.

Plagg og symbol

Vi trur slik vi ser det no, at i dei yrke og situasjonar der ein brukar uniform, som nøytral representant for det offentlege Noreg, skal det ikkje nyttast religiøse plagg saman med uniforma. T.d. gjeld dette politi og domstolar, som skal vere uhilda i alle saker.

OPPSUMMERING

Utvalet si tilnærming til, og forståing av omgrepet religion er for smal. Religion er meir enn eit livssyn og ei tru som ei gruppe menneske sluttar seg til. Det handlar også om kultur, riter, praksis, tradisjonar, haldningar, verdisystem, individuell og kollektiv identitet. Me meiner at det livssynsopne samfunnet best vert oppbygd ved at trus- og livssynsnærvær på ulike samfunnsområde utfyllast og supplerast av eit mangfald av trus- og livssynsaktørar, og ikkje ved at ein reduserer, når det gjeld vår ståstad, Den norske kyrkja si rolle og nærvær i samfunnet.